


OSTERØY

AREAL: 255 km²

FOLKETAL: 7305



I SØLV
TRE BLÅ ØKSAR
MED BLADA NED

Våpenet er godkjent ved kgl. res. 20.12.1985 og er utteikna av Egil Korsnes, etter utkast av Magnus Hardeland.

Utgangspunktet for motivet er tommermannsbila, eller øksa som blir brukt i bygningsarbeid.

På Osterøy har bygningsfaget lange tradisjonar.

Øya ligg nær Bergen, der små og store brannar ofte herja. Ostringane bygde opp igjen byen og dei bygde òg nytt etter som byen voks.

Mange hus på Osterøy ber preg av godt bygningshandverk.

OSTERØY kommune er ei samanslåing frå 1964 av dei delane av kommunane Bruvik, Hamre, Haus og Hosanger som låg på øya, med unntak av den nordaustre delen, som høyrer til Vaksdal kommune.

Dei tre prestegjelda Haus, Hamre og Hosanger vart utgangspunkt for kommunane etter 1837. Åsane vart skilt ut som eigen kommune frå Hamre kommune i 1904. Haus prestegjeld omfatta soknene Haus, Mjelde, Gjerstad, Bruvik og Starnes. I 1870 vart Bruvik og Starnes skilde frå med namnet Bruvik kommune, og først i 1964 vart Arna skilt ut som eigen kommune.

Hamarr er det gamle namnet på tingstaden i Osterfjorden; innanfor Hamarsneset. Fire fjordar møtest her, og Hamarr var sentrum for heile Nordhordland før Bergen kom til. Gangdagetinget – gangdagane var dei tre dagane før Kristi Himmelfartsdag – vart halde her på Hamarr i Oster.

Hamarr er etymologisk det same namnet som kaupangen Hamar i Hedmark.

Om namnet *Hosanger* er det ulike teoriar. Siste leddet; *-angr*, tyder *vik* eller *fjord*.

Oluf Rygh seier at første leddet truleg kjem av *hosa*, «...en lang strømpe»; Mjøs vågen liknar fotstykket på ein sokk. Lokalhistorikaren Johan Litleskare meiner derimot at «hosa» har samband med ein stad der ein tverrdal munnar ut i ei bukt ved fjorden; under roren langs land må ein «sleppa landet». Ei slik *hosa* er det frå Hoshovde og til Gatland; eit vindhardt fjordstykke der dalasnoen kjem ut den avstengde vågen – Hosanger.



Eckersbergs akvarell av bygningsstrilar frå Osterøy avspeglar det omdømmet ostringane hadde i samtida; det var dei som bygde Bergen opp etter dei mange brannane.



OSTERØY

Den gno. forma av Osterøyi er Óstr, som kan setjast i samband med verbet å auka. Tydinga er usikker, kanskje «den høge» eller «den store». Havrå kan vera ei samansetjing av gno. hafr «bukke» og á «elv» eller dativ fleirtal av eit ord avleidd av hafr. Mjelde er i slekt med mjøl, i stadnamn ofte brukt om lende med fin sand. Valestrand med Valestrandsfossen inneheld helst gno. valr «falk» i førsteleddet. Valestrand i Sveio er derimot laga til gno. vaðill «vad, grunn stad i vatn» (Ø171). Mjøs er skrivt i Miðhusum i Bergens kalvskinn (1360) og tyder såleis «det midtre huset eller garden». Førsteleddet i Fotlandsvågen går attende på foss. Forma Fot- er resultat av den vanlege vestnorske lydovergangen sl > tl, jf. vesle som vert til vetle. Geitreim er samansett av geit og (h)eim. Førsteleddet i Lonevåg tyder «still, djup bekk eller elv».

Skriftet «En liden Kronnicke SAA MAATA», datert 1723, gjev eit nærbilete av bygdeskikkar og tradisjonar på Osterøy. Forfatteren er sannsynlegvis ei embetsmannsfrue. Her får vi innblikk i bryllaupssikkar, bygdedrakter, røykstover og krotting, og ei ordbok over ord og vendingar – som sjolve tittelen på skriftet er eit uttrykk for. Skriftet er eit tidleg døme på den interesse for topografiske bygdeskildringar som blomer i andre halvdel av 1700-talet. Vi ser her ein av illustrasjonane; dei gamle bygdedraktene eller kvardagsbunadene.

